## EIT BREV FRÅ RASMUS RASK OM DANSK RETTSKRIVING

Ikkje lenge etter at Rasmus Rask kom tilbake frå den store reisa si til India (våren 1824) kom han opp i ein langvarig og beisk rettskrivingsstrid.[1] Rasks rettskrivingsprinsipp bygde på uttalen, og på fleire punkt kom han då i konflikt med den skrivemåten som dei fleste bruka. P. E. Müller seier[2] at Rask "tilsidesatte Skrivebrugen, men gjorde Udtalen, den dannede Mands Udtale, til Retskrivningens øverste Regel". – "Paa at forsvare denne Theorie anvendte han sin hele Lærdom og Skarpsindighed".

Summen av alle sine etterrøkingar gjorde han greie for i skriftet sitt "Forsøg til en videnskabelig dansk Retskrivningslære" (1826). Og Müller legg til: "Saaledes blev Rasks videnskabelige Virksomhed i et Par Aar fortrinligen rettet paa denne underordnede Gjenstand".

Denne striden gav han både møde, strev og mange spottord. Dei lærde selskapa som Rask var med i, ville såleis ikkje "optage Stykker med en saa sær Skrivemaade i deres Samlinger", og då Rask ikkje ville bøya seg, vart endskapen den at han anten drog seg ut av selskapa eller ikkje fekk prenta utgreiingane sine der. Dette gjeld såleis Det Skandinaviske Litteraturselskab ("Om Zendsprogets og Zendavestas Ælde og Ægthed" var det siste han las opp og fekk prenta der, 1826) og Det danske Selskab som han gjekk ut av i 1827 etter ein strid med styret.[2b] Men verst var det kanskje likevel at han såleis kom i motsetnad til Videnskabernes Selskab.

I 1826 la Rask der fram avhandlinga si "Om den gamle ægyptiske Tidsregning" som det var meininga at selskapet skulle prenta i sine skrifter. Men av sekretæren, H. C. Ørsted, fekk Rask vita at han fyrst måtte ha serskilt løyve frå selskapet om han ville nytta si eiga rettskriving.

I brevet sitt til selskapet (før prenta i A. Lomholt: Det kgl. danske Videnskabernes Selskab 1742–1942, bd. 2, 117–118) skreiv Rask:[3]

Undertegnede har nylig indleveret en Afhandling til Videnskabernes Selskabs Skrifter, som han i sin Tid har haft den Ære at oplæse i Selskabet; men da Sekretæren ikke har troet det passende at den optoges med min sædvanlige Retskrivning uden Selskabets Minde, giver jeg mig den ærbødigste Frihed at udbede mig dets Opmærksomhed til følgende:

Da det kongelige Vid. Selsk. har gjort mig den Ære, at optage mig i dets berømte og fortjente Samfund; så er det min inderlige Bøn, at det også vil tolerere min Retskrivning i dets Skrifter ved Siden af alle andres, og ikke under nærværende Gæring fatte nogen ugunstig Beslutning i den Anledning, som dog måskje om en føje Tid kunde synes overilet, og som vilde sætte mig i det ubehagelige Dilemma, enten på en Måde at udelukkes af Selskabet, eller og at afvige fra min Overbevisning om det rigtige, i Ting, som udkomme[4] under mit Navn.

Jeg vover såmeget mere at håbe dette, som

1) det ikke i nogen Måde vil forårsage allerringeste Udgift, Ophold eller Ulejlighed for Selskabet; da Bogtrykker Popp har vîst mig, at han nylig har erholdt fra Leipzig meget skønne Typer af alt hvad der udfordres, af

selvsamme Slags, som Selskabets Skrifter trykkes med, hvilke han har forskrevet for at bruge dem til en Del andre Verker af forskjellige Forfattere.

2) jeg også ved at efterse Selskabets Skrifter fra forskjellige Tider, og navnlig de nyeste siden 1800, som ere trykte med latinske Bogstaver,[5] har erfaret, at der i samme aldrig har været taget Hensyn til nogen Ensformighed i Retskrivningen; men at enhver Forfatter endog i allersidste Bind har fulgt sin egen sædvanlige Skrivemåde, som findes i hans andre Verker. Der udfordres altså fra Selskabets Side ikke at gøre Brud på nogen Enhed, ikke at fastsætte nogen ny Vedtægt, men kun at fortsætte og udvise mod mig samme Overbærelse og Liberalitet, som det nu i så lang en Række af År fra dets første Stiftelse og indtil denne Dag har håndthævet, og som synes Landets første videnskabelige Samfund så værdig. På min Side vilde det derimod være ømfindtligt at frafalde mit System, just i det Øjeblik, da jeg for et andet hæderligt og talrigt Selskab udarbejder en Teori derover, og da så mange begynde at antage det både her og i Provinserne.

3) Giver jeg mig den Frihed at tilføje, at hvis det kgl. Selskab vil se igjennem Fingre med min Retskrivning, så har jeg endnu adskillige Afhandlinger om dunkle Punkter af den fjærneste asiatiske Hedenold, som jeg håber ville stemme overens med dets Øjemed, og som jeg vil give mig den Ære efterhånden at forelægge det; samt at det skal være min ivrigste Bestræbelse at oprette ved Indholdet og Materiens Bearbejdelse, hvad der måtte synes sært ved den ydre Form.

4) Endelig, som sidste Grund, håber jeg det vil være indlysende, at enkelte Medlemmers Egenheder i Retskrivningen umulig kan tilregnes hele Samfundet, eller nogen anden end den, hvis Navn står derunder, al den Stund Selskabets Formål er meget forskjelligt fra og langt ophøjet over Retskrivningens Fastsættelse; hvorimod Liberalitet og Tolerans, især med hvad der hverken skader eller hindrer dets Hovedøjemed, ere Egenskaber, som hos enhver upartisk ville gjeråde det til Ære.

Allerærbødigst

Til det kongelige danske Videnskabers Selskab. *R. Rask.*

I møtet i Videnskabernes Selskab 12. mai 1826 vart det med 11 mot 4 røyster vedteke "at den hidtil fulgte Eensformighed i Retskrivningen vedligeholdes i dets Skrifter".[6] Videnskabernes Selskab kom såleis ikkje til å gje ut Rasks avhandling, men året etter let han ho prenta serskilt.

Rask hadde like før han døydde, gjeve N. M. Petersen 1000 rd. "til udgivelse af skrifter med hans retskrivning".[7] Lagnaden ville at dei fyrste skulle bli Rasks eigne skrifter (Samlede Afhandlinger, 1–3, 1834–38). N. M. Petersen som hadde skrive fleire utgreiingar om rettskrivingsspørsmålet, fylgde i hovudsaka Rasks prinsipp, men han hadde òg sine eigne meiningar om einskildspørsmål. Såleis gjekk N. M. Petersen ein gong mellom 1837 og 1844 over til å skriva små førebokstavar i substantiv.[8] Rask sjølv ville ikkje "forsmå dette Hjælpemiddel til Tydelighed i Skriften".